


ÅRGANG 15

2015

1

EIT MAGASIN FRÅ EIDFJORD KOMMUNE

Eid fjord nytt



UNGDOM FLYTTAR HEIM ATT

ELEVÅDET ARBEIDER MED REGULERINGSPLANEN

EVJO AKTIVITETSSENTER

EIDFJORD SØKK



Reiselivskommunen Eidfjord

Besøk av samferdselsministeren



“Samferdselsminister
Ketil Solvik-Olsen ser at den kortaste
vegen mellom aust og vest går over
Hardangervidda”

Eg ber om orsaking, men det vert samferdselstema denne gongen og. Me har hatt besøk av samferdselsminister Ketil Solvik Olsen, som saman med si politiske leiing kyrde hovudvegane mellom Austlandet og Vestlandet 16. - 17. februar. Bakgrunnen for turen var utgreiinga som Statens vegvesen la fram om hovudsambanda mellom aust og vest. Utgreiinga konkluderer med at E 134 over Haukeli og Rv 52 over Hemsedal skal vera dei prioriterte vegane fram mot 2050.

Samferdselsministeren fortener ros for at han tek seg tid til denne synfaringa, og ikkje berre legg rapporten frå Statens vegvesen til grunn for det vidare arbeidet med revisjon av Nasjonal Transportplan. På den måten fekk han høve til å treffa folk som bur langs vegane og høyra kva utfordringar næringslivet har i høve til vegane.

I rapporten til Statens vegvesen er det sagt at alle fjellovergangane har viktige regionale og lokale oppgåver. Likevel har dei i denne utgreiinga fyrst og fremst framheva dei nasjonale oppgåvene. Dette er eit av dei store ankepunktene med rapporten etter mitt syn. Som eit døme vil konsekvensane av strategien til Statens vegvesen føra til at trafikken på E 134 over Haukeli verta meir enn seksdobla, mens trafikken på Rv 7 over Hardangervidda vert redusert med ein tredel fram mot 2050. Dette er dramatiske endringar som vil få store konsekvensar for næringslivet i indre del av Hardanger og øvre del av Hallingdal.

Eit anna tema som er lite vektlagt i utgreiinga er omsynet til villreinen. Den tek ikkje innover seg det internasjonale ansvaret Noreg har teke på seg for villreinen, og føl ikkje opp føringane i Regional plan for Hardangervidda. Eit av dei viktige tema i handlingsdelen til denne planen er å sikra trekkrutene for villrein.

På det korte møtet til samferdselsministeren i Eidfjord vart difor rammevilkåra for reiselivet og omsynet til villreinen dei to hovudtema. Representantar frå reiselivet både frå Hardanger og Hallingdal sa klart ifrå at Rv 7 over Hardangervidda må vera ein vintersikker veg. Det nyttar ikkje lenger å få lønsam drift utan at dei kan få gjestane sikkert fram heile året. Han fekk også med seg sitatet frå villreinforskar Olav Strand som seier at : «Lang tunnel under Hardangervidda vil være som å få velge på øverste hylle for villreinen»

På turen over Hardangervidda vart ministeren med fylgje frakta med brøytebilar og redningsbil. Veret gjorde at det var innført kolonnekjøring berre for køyretøy over 7,5 tonn. Då fekk dei oppleva kva utfordringar og ansvar brøytemanskapa har med å frakta trafikkantane trygt over vidda ein vinterdag. Eg har ei von om at dei med sjølvsyn fekk sjå at det vert ei fornuftig investering å satsa på Hardangerviddatunnelen og gjera Rv7 til eit av hovudsambanda mellom Austlandet og Vestlandet.

Eg ynskjer alle ei riktig god påskehelg

Anved Johan Tveit

-ordførar-

EidfjordNytt vert utgjeven av
Eidfjordkommune, 5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no

Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75


Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Aud Opheim Lygre
Brynjulf Mugaas
Gunn Sandvik
Lisbet B. Celik

Grafisk Produksjon:
Voss Prenteverk
Grafiske Tenester AS

INNHOLD

- 3** Utstilling med «Glade amatørar»
- 6** Bygging av ny sjukeheim
- 7** Evjo Aktivitetssenter
- 8-10** Karneval
- 11** Leiarnettverket i Hardanger
- 12** Eidfjord sokk
- 13 - 14** Ungdommen flyttar heimatt
- 15** Kommunestruktur
- 21** Elevrådet arbeider medreguleringsplanen
- 24 Biblioteket sitt samfunnsoppdrag
- 25** Eidfjord sin bilhistorie, nytt bokprosjekt under arbeid
- 26** Innbyggjarar i Eidfjord kommunefår kjernejournal
- 27** Skulemåltid på Lægreid skule
- 28** Sysendalen Hyttefyl forbund på sporet





Kunstnarane



Ordføraren held tale

Utstilling med «Glade amatørar»

26. februar til og med 1. mars var det mogleg å få med seg utstillinga «Glade amatørar» med bilete av Elsa Garatun og Ragnhild Kleivkås. Utstillinga var organisert av Kulturkomitéen, og Gunnvor Hopen Veka var utstillingsgeneral. Då dørene opna torsdag 26. februar, var det ca 60 frammøtte. Kulturkomitéen ved Gunnvor ynskte velkommen og deretter

spelte Detelina Deneva for dei frammøtte før ordføraren føretok den offisielle opninga av utstillinga "Glade amatørar". Gunnvor hadde deretter ein presentasjon av målarane. Dei som var heldige og fekk med seg utstillinga hadde også høve til å kjøpa dei flotte verka. Det var mange som sikra seg eit nytt verk til veggen denne helga.

TEKST Hilde Voll



Fredag 27. februar hadde me rekordmange 97 deltagarar

Skikarusellen 2015

Eidfjord idrettslag har i år arrangert 4 skikarusellar. Det har vore eit fantastisk oppmøte av små og store skientusiastar. Fredag 27. februar hadde me rekordmange 97 deltagarar, og med Expedition Amundsen som ramme rundt det heile, vart det ein flott kveld.

Laurdag 21. mars er det Eidfjordmesterskapet. Langrenn startar kl. 12.00 med slalomrenn etterpå. Me avsluttar med premieutdeling for Eidfjordmesterskapet og Skikarusellen 2015.

Skigruppa i idrettslaget takkar alle som har møtt opp. Ein ekstra takk til dugnadsgjengen og Sysendalen Skisenter!

Fantastisk foredragsturné for ungdomsskulen og føresette

Fantastisk foredragsturné for ungdomsskulen og føresette kjem til Eidfjord! 27. og 28. april vert det mogleg å få med seg flotte foredrag med Mia Børjesson. Mia Børjesson er tilknytta organisasjonen Vaksne for barn, ho er utdanna sosionom og sexolog. Ho har mange års erfaring frå arbeid med ungdommar frå Ungdomsmottagningen i Partille i Göteborg, Sverige. Ho har arbeidd med gruppeverksemd sidan 1984. No arbeider ho som föredragshaldar og konsulent i høve til spørsmål knytt til ungdom. Ho var også med å starta opp jentegrupper i Sverige i si tid.

Her i Eidfjord skal ungdomsskulane i Eidfjord, Ulvik og Granvin samt Hjeltnes gartnarskule samlast i samfunnshuset på dagtid 28. april og få høyra foredraget «Å bli verdensmester i eget liv». Dette



foredraget tek for seg emne som å byggja opp sjølvkjensle og sjølvtillit, venskap og kameratskap, mental trening og korleis du styrker deg sjølv og andre, om kor viktige me kan vera for kvarandre og framtidstru og håp.

Same dag kl. 18.00 på samfunnshuset vert det mogleg for føresette og andre å få med seg foredraget «I hovudet på ein tenåring». Kva føregår der? Og kva føregjekk i ditt hovud då du sjølv var tenåring? Foredraget dreg fram foreldra si rolla mellom anna som flygeleiara i flygeleiartåret, fordelane med mobil, blomstrar du for dine tenåringar... og andre tema som får foreldre til å verta tenksame, men samtidig få le litt av seg sjølv og ungdommane sine. Foredraget er meistrings- og ressororientert og målet er å styrkja foreldra samtidig som dei vert utfordra til refleksjon rundt viktige tema som relasjonar, kommunikasjon, vennskap, sjølvtillit og sjølvkjensle. Det vert liknande foreldremøte i Ulvik og Granvin på kveldstid 27. april. Foredragsturneen er eit samarbeid mellom kommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord

Heile Eidfjord skal få offisielle adresser

Adressering er tidlegare utført for tettstadsane Eidfjord og Øvre Eidfjord.

Ei prosjektgruppe vart i 2014 oppnemnd med mandat å fullføra adresseringa av bygg og eigedomar for resten av sentrale deler i Eidfjord. Prosjektgruppa består av: Inger Lægreid, Ragnhild Herstad, Samson Instanes og Anved Johan Tveit. Harald Næss er prosjektleiar.

Areal og Miljø v/oppmålingsetaten er rådgjevar og fagleg ansvarleg for praktisk gjennomføring når adressevedtak er gjort. Ei offisiell adresse består av eit adressenamn (vegnamn eller områdenamn) + adressenummer ev. med ein bokstav. Gjeld adresseringa eit gardsbruk kan eigar krevja at adressa òg

skal omfatta bruksnamnet på garden, som eit adressetilleggsnamn.

Føremålet med namnesetjing og adressering er fleire. Hovedføremålet med prosjektet er at alle eigedomar/bygg, bustader, hytter og næringsbygg der det bur eller oppheld seg folk skal få tildelt ei adresse som er eintydig og lett å forhalda seg til for viktig t. dømes for : Pleie- og omsorgstenesta, Lege og ambulanse, brannvesen og politi, postverk m.v. Ei offisiell tildelt adresse som er lagt inn og digitalisert (GPS-data) i Statens Kartverk sin database, gjer at dei som har trong for det, kjem hurtig og greitt fram til rett adresse.

Adressereglerverket finn me i «lov om eigedomsregistering (matrikkellova)» og matrikelforskriften med kommentarar. Kommunen er adressemynne og bestemmer namnet på veg eller adresseparsell. Det er ikkje klageadgang på dette. Prosjektgruppa har vald å leggja til grunn

at eigedomar med fast busetnad så langt råd er, skal få tildelt ei adresse knytta til eit veggnamn. Hytter kan verta adressert med nummer i adresseområder. Endelig vedtak av adressenamn vert gjort av formannskapet etter avslutta høyring. Kvar eigar/festar vil få informasjon om den nye offisielle adressa som er tildelt bygget/eigedomen.

Framlegg til namn på adresseparseller og veggnamn vert no lagt ut til høyring. Du kan du sjå framlegget på kommunen si heimeside og i tenestetorget i kommunehuset. Ta gjerne kontakt med Harald Næss (harald.nass@eidfjord.kommune.no) eller Bente Elin Hereid (bente.elin-hereid@eidfjord.kommune.no) om du har spørsmål.

Du er velkommen med innspel og framlegg til namn som bør vera godt grunngjevne. Send helst på e-post og innan: Høyringsfristen som er 1. mai 2015.

Arrangement i Eidfjord 2015



26.02 – 01.03 Hardangervidda/Maurset Expedition Amundsen 2015

Frå Haukelister til Maurseth i Eidfjord, 100 km på ski med pulk i Amundsens skispor over Hardangervidda. Lag- og indiv. klasse.
www.xtremeeidfjord.no



14.03 kl 19.00 Eidfjord samfunnshus Country Roads

Hardangerbrua Musikkklag og Voss Musikkklag inviterer til country-aften i Eidfjord. Det vert konsert, middag og dans. Andre aktører er Twang Gang, Husmødrene og Voss Dansekompani. Billetsalg på YX Eidfjord.



09.05 kl 20.00 Eidfjordhallen Vinsketten og Sølvsuper

Eidfjord Småbanecup inviterer til show med Vinsketten laurdag 9. mai kl. 20.00 i Eidfjordhallen. Ca kl. 22.30 spelar Sølvsuper opp til dans. Billetsalg på billettservice.no og YX Eidfjord.



21. – 25.05 Eidfjord, Ullensvang og Odda Hardanger Musikkfest

Programmet finn du på nettsida.
www.hardangermusikkfest.no



19 – 21.06 Eidfjord Eidfjord småbanecup

Årlig fotballturnering for born.
www.smaabane.no



23.06 kl 18.00 Ostangen Jonsokfeiring

Jonsokbryllup og barnetog frå gamlekyrkja kl 17.30 til Ostangen. Grilling, bål og kos i Ostangen. Arr: 1. klasse ved Lægreid Skule



31.07 kl 18.00 Cruisekaien i Eidfjord Eidfjord Minitriathlon

1/10 av det store "Isklar Norseman Xtreme Triathlon", 400 meter svømming, 20.6 km sykling og 4 km løping.
<http://eidfjordil.no/minitriathlon>



01.08 kl 05.00 Eidfjord Norseman Xtreme Triathlon

Verdas fremste ekstremetriathlon, med start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.
www.nxtri.com



07 – 09.08 Start på Hjølmaberget Felles fottur til Hårteigen 1690 moh

Med kjentmann og kløvhest på Hardangervidda inkl. 2 overnattingar på Hadlaskard. Felles måltid.
Kontakt: thomas@varbergstunet.no



15.08 Eidfjord Voss – Geilo sykkelritt

same arrangør som Bergen – Voss rittet, rittet går over Hardangerbrua og via Eidfjord.
www.vossgeilo.no



05.09 kl 10.00 Eidfjord Hardangervidda Marathon

42.195 meter med høgfjells sti, elvekryssingar og løping i trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum og målgang i Øvre Eidfjord.
www.xtremeeidfjord.no



03.10 Quality Hotel & Resort Vøringsfoss Oktoberfest

Endelig er den etterlengtede Oktoberfesten på plass igjen i kalenderen, tema for festen kjem snart!
www.resortvoringfoss.no



16 – 18.10 Øvre Eidfjord Hardanger Matkulturfestival

Sal av tradisjonsmat, underholdning, kurs, foredrag, konsert og aktivitetar for store og små.
www.hardanger-matkulturfestival.no



28.11 kl 20.00 Hardangerviddahallen Rakafiskfest

Kåring av Hardangers beste rakafisk. Dans og underholdning.
www.hardangerviddanatursenter.no

For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:

www.visiteidfjord.no





Bygging av ny sjukeheim vart vedteke i kommunestyret

Ulike komitear og grupper har i lang tid arbeidd med spørsmål om tilbygg, ombygging eller om det skulle byggjast heilt ny sjukeheim i Eidfjord. Kommunestyret vedtok i møte 25.01.2015 at det skal byggast ny sjukeheim på same tomta som Bygdaheimen no ligg, og at drifta av sjukeheimen i byggeperioden skal foregå i den fløyen som ligg langs Lægreidsvegen. Her skal det òg etablerast ein rigg som skal gje plass for kjøken, matsal mv. Resten av sjukeheimen vert riven saman med 4 omsorgsbustader. Bygdaheimen var ferdig i 1984 og er no 31 år gammal. Bygget har derre hatt mange feil og manglar gjennom åra og vedtaket i kommunestyret i januar om nybygg vart motteke med stor glede.

Arkitekten har laga ei mogelegheitskisse

som syner korleis det i grove trekk er tenkt at nybygget skal sjå ut. Det vert ein demensavdeling med 6 rom med tilhøyrande skjerma hage rundt. På motsett side, med utsikt mot sjøen og sentrum vert det to fløyar med 7 rom i kvar, tilsammen 20 rom. Det skal òg byggjast 6 nye omsorgsbustader med inngang felles med sjukeheimen og 4 andre omsorgsbustader med eigen inngang utanfor Bygdaheimen. Desse er erstatningsbustader for dei fire omsorgsbustadane som må rivast i samband med nybygget.

Planlegginga er allereie starta og no er det detaljplanlegginga som har fokus. Me har ikkje så mykje konkret informasjon enno, men me har nokre milepeldatoar. I mai 2016 startar Multiconsult med å laga midlertidig sjukeheim der drifta skal vera i byggeperioden. Fyrste veka i september

2016 er planen å flytta inn i den midlertidige driftseininga. Her er planlagt 20 rom, men kommunestyret har i vedtaket bede om at me vurderer drift med 18 rom. Det vil medføra at drifta vert dreia litt frå hjelpe i institusjon til at fleire får hjelpe i heimen. Då unngår me byggjing av to ekstra sjukeheimsrom i rigg, noko som er svært kostbart.

Den nye sjukeheimen skal etter planen stå ferdig til innflytting i april 2019. Deretter vert dei ti omsorgsbustadane bygd der den midlertidige riggen har stått.

Det er 5 personar som bur i omsorgsbustadane som skal rivast. Desse vil kommunen skaffa nye husvære til. Meir informasjon vil koma etter kvart, både til brukarane av tenestene våre og til innbyggjarane.



Tilskjering av veggplater, Erling Herland og Einar Vik.



I gamle vevstova.



To glade målarar, Aud Røise og Torin Salvesen.

Evjo Aktivitetssenter er ein nyskapning på gammal grunn. Det nye senteret ligg i bygninga, som no har fått namnet Evjo AS (Den gamle NVE-bygninga). Det er no nye eigalarar og nye tankar om bruken av bygninga. Dette har ført til at me flytta vevstova frå noverande stad til sør-austre del i 1.etg, parallelt med snikkarverkstaden. Soleis får me samla alle handverksaktivitetane på eitt område i bygninga med dei fordeleane det kan inneha. Me skal og skapa ein samlingsstad og møteavdeling med gode tilhøve for både avslapping og meiningsutveksling. Det vert i tillegg rigga til eit datahjørne og ei fagboksamling.

Me er særslig glade for at me har fått til ei slik løysing og ser fram til å skapa eit godt og nært tilbod. Me vil ha både mange aktivitetar og ein sosial møteplass for alle innbyggjarane i kommunen. Tilboden vil vera ope for alle, yngre som eldre brukarar er hjartelege velkomne. Samarbeid mellom eldre og yngre kan vera særslig gjevande og kan føra med seg auka livskvalitet for alle.

FORMÅL MED AKTIVITETSSENTERET :

- Handverks- og kulturell aktivitet
- Sikra livskvalitet og god helse
- Stimulera til ny bruk og nye brukarar; unge i lag med eldre
- Sosial møtestad for alle

AKTIVITETAR:

- Kafé og lesekrok, bruk av datamaskin. Ein stad å koma innom for å kosa seg
- Handverksaktivitetar av ymse slag; som til dømes vefing, quilting, strikking, maling, trearbeid
- Ulike kurs, bruk av tradisionshandverk, andre praktiske og teoretiske kurs etter ynskje og oppslutnad.
- Andre lag og organisasjonar kan og få nytta lokala.

I tida fram til påske, og litt utetter, vil det verta jobba med å få gjort i stand lokal slik at me kan koma i gang som planlagt. Det kjem til å verta bra.

Evjo Aktivitetssenter ynskjer god oppslutnad, slik at me kan ha eit triveleg og inspirerande miljø. Jo fleire me er saman, jo betre vert det for alle.

Ta kontakt med det noverande interimstyret om du ynskjer å vera med oss, eller kom innom!

Interimstyret : Reidar Gjøtterud, Grethe Hereid, Randi Riber, Hans Hellevang og Steinar Elvebakk.

Me ser fram til den store opninga av det nye Evjo Aktivitetssenter, 18.april 2015. Då vil me by på snorklipping, nokre velvalde ord, kanskje anna kulturelt innslag, og utstilling, kaffi og kaker.

Håper du vil ta deg tid til å koma og ta del i gleda. Nærare informasjon om opningsdagen kjem seinare. Me ynskjer alle God påske, og så sjåast me.

Evjo
Aktivitetssenter



Joanna og Joar.



Tina og Hanna.



Hanna , Tina og Joanna.

Karneval i Hereid barnehage

No var dagen kome og det var duka for karneval på avdelingane Vetlastova og Storastova. Det var mange små og store forventningsfulle born som hadde kledd seg ut denne februarldagen i flotte klede.

På Vetlastova var det både pirat, supermann, jordbær, marihøne, skilpadde og ein drage som hadde dukka opp. Dagen blei markert med song , musikk og dans. Rundt omkring på avdelinga var det blitt pynta med ballongar i mange slags fargar, men det var ikkje berre i taket det var kome opp. Rundt omkring på golvet var det fleire ballongar som var i full rørsle både langs golvet og opp i lufta blant mange ivrige born.

Etter å ha dansa og kosa seg lenge med ballongleik, blei det etter kvart laga ei aktivitetsløype rundt om på avdelinga. Det kom opp både balltelt, ein tunnel som ein måtte krabba gjennom for å koma vidare til balanseklossane, sklibana og madrassa me kunne krabba, åla, rulla rundt og hoppa på. Det blei ein minnerik og kjekk dag for både liten og stor.



Solveig



Eirik og Joanna.



Her er ein farlig tigerGrrrr grrrr pass dåke no altso . Han heiter conrad



Live prøver tigertenner, dei er kjempestore og skarpe...tigeren har fire av desse..



Madelen og Margrethe har nettopp vore på tur i jungleen . Godt med ein kvil no.



Her er karnevalsgjengen. 3 Barn var borte denne dagen , difor har eg teke med nokre biletet av dei også. På dette biletet har me Bjarte, Tamas, Bente, Margrethe, Mathilde, Cecilie, Jonas, Sana og Stella.

LIVE OM ELEFANT:
**«HAN ET GRAS OG
KAN VIFTA MED ØYRO»**

MATHILDE OM TIGER:
**«HAN ER VELDIG STOR SÅNN
SOM DEG MARGRETHE.»**

CONRAD OM TIGER:
**«DEN SPRING ETTER ALLE
SAMAN»**

SANA OM ELEFANTEN :
**«HAN KAN SPYLA NOKON,
HAN KAN KNUSA NOKON.
HAN LAGER TUTUTU»**

CECILIE OM TIGER:
**«FARLEG, STRIPER.» «BABYT-
IGER KAN LEIKAMED HUND-
AR»**

MADELEN OM ELEFANTEN:
**HO TEK SEG PÅ NASO OG
PEIKER PÅ SNABELEN OG SEI-
ER TUTU. SÅ TEK HO SEG PÅ
NASO OG PEIKAR PÅ SNABEL-
EN OG TEK SEG TIL MUNNEN.**

STELLA OM ELEFANTEN :
**«HAN ET GRAS MED SNABE-
LEN, HAN VASKER SEG MED
SNABELEN»**

JONAS OM ELEFANTEN:
**«HAN VIFTAR MED ØYRO,
HAN SPRUTAR MED SNABEL-
EN. HAN ET MED SNABELEN,
- ER NAVNET MITT HER ?»**

Jungelkarneval på Storastova

Barna på storastova har jobba med temaet jungel, jungeldyr i 2 vekters tid før sjølve karnevalet. Fokusdyra har vore elefant, tiger og apekatt. Me har funne fakta om dyra. Hjørnetenna til ein vaksen tiger er 5,5 cm lange. Cm i seg sjølv seier ikkje noko til dei små barna, men dei kan erfara storleiken gjennom å prøva det på seg sjølv. Me har sett film om både tiger, elefant og apekattar. Kva et ein tiger? Blant anna hare, antilope, bjørn. Kva et elefant? Bark, kvister, frukt og lauv. Barna har smakt på bark og kvist...dei likte ikkje dette så godt. «Det er ikkje godt med elefantmat»

Etter at barna har fått inntrykk frå bøker, film og bravo ord- innlæring, laga me eit tankekart der me sette dyret i midten og barna fekk fortelja kva dei tenkte rundt det dyret. Barna er opptekne av at det dei seier kjem ned på papiret og at det betyr noko. Barna har gjennom å jobba med jungelen også fått inn ord som skarpe, lange, store og samanlikningar. Apen har lengre armar enn bein...har me det? Elefanten har snabel som er nase, men han brukar den som arm. Kan me bruke nasa vår som arm? Elefanten kan vifta med øyro , kan me vifta med øyro? På sjølve karnevalsdagen hadde me

masker som me har laga. Ape, elefant, tiger og hare, ein doktor dyregod og ein jungelkonge. Det blei dans etter sambarytmar. Med fokus på samhald og einskildborn hadde me ein karnevalsong der me heldt kvarandre i hendene og skifta ut kven som var i midten og fekk fokus. Etter dans kjem god drikke. Kva smaker vel betre enn litt jungeldrikke med edderkopp oppi ? Ingen ville drikka edderkoppen. Me avsluttar karnevalet med å slå på ein flott pinjata. Inni denne er det ein gull-penge til kvar pluss noko anna godt.



Leiarnettverket i **Hardanger**

KVA ER EIT NETTVERK? Dette spørsmålet vart stilt på startmøtet for å etablere eit nettverk for kvinnelege leiarar og gründarar i Hardanger som vart helde på Utne 05.05. 2009.

Det fins ulike definisjonar på omgrepene nettverk. Nettverk er ikkje noko som skaper seg sjølv. Det føreset at ein gjer noko saman. Nettverk kan til dømes karakteriserast ved kor tette banda er mellom dei som inngår i nettverket. Eit vanleg skilja er mellom private nettverk prega av nærliek, til dømes vene- og familielasjonar; uformelle nettverk beskrive som distanserte, til dømes utdanningsnettverk og formelle nettverk prega av distansert nærliek. Det er det siste som er vanleg mellom personar som arbeider saman. Det er også dette som i forsking på nettverk vert beskrive som den ideelle modellen.

Nettverk kan vere opne eller lukka. Frimurarlosjar er døme på lukka nettverk der det er dei innanfor som avgjer kven som vert henta inn. Opne nettverk krev ikkje at du tilfredsstiller strengt definerte kriteria for å delta og det er ikkje opptakskrav. Ei av fallgruvene når ein arbeider med nettverk er å byggje dei på nærliek eller likskap. Det aukar sjansen for «rom fylde av gjenlyd». I slike rom er det redusert tilgang på informasjon i form av alternativ informasjon, andre perspektiv og verdsbilete. Det er auka sjanse for gruppetenking.

KVEN ER LEIARNETTVERKET I HARDANGER?

I Utne denne mai-dagen i 2009 stilte over 25 kvinner frå regionen. Det vart diskusjon og det vart arbeidd med kven som var målgruppa for nettverket, kva ein ville med eit slikt nettverk, korleis nettverket skulle organiserast og korleis møtast. Det utkrystalliserte seg eit ynskje om å vera eit nettverk for kvinnelege leiarar i offentleg og privat sektor og gründarar i regionen. Det var og eit ynskje om å vere eit ope nettverk.

KVA ER LEIARNETTVERKET I HARDANGER?


Alt frå starten har det vore eit ynskje om å fungera som ein fagleg og sosial møteplass, ein arena for å møte andre rollemodellar, for erfaringsutveksling og gjensidig læring og ikkje minst det å få sjå og oppleve andre sine verksemder. I perioden frå april 2009 fram til i dag, er det helde i snitt 3 møter i året, mange av dei bedriftsbesøk i regionen. Det er henta inn eksterne innleiarar og leiarar og gründarar frå Hardanger har presentert seg og sine verksemder. Tyngdepunktet for Leiarnettverket så langt har vore i indre Hardanger.

VEGEN VIDARE?

I styret har det vore ein kontinuerleg diskusjon om kva Leiarnettverket skal vere for kven. Det er etablert ei fjesbok-

gruppe for Leiarnettverket som no har nær 60 medlemmer for å lette kommunikasjon og informasjon. Deltaking på møta varierer og det er eit ynskje om å få fleire aktivt med i aktivitetane i Leiarnettverket. Me ser at den geografiske utstrekninga av Hardanger og reisetid er ei utfordring. Tid er i aukande grad ein knapp ressurs, ikkje minst for dei som kanskje både eig og leier eiga verksemder. Styret i Leiarnettverket erkjenner at det er ei kontinuerleg utfordring å vere aktuelle og relevante i dei tema som me tek opp på møta som me inviterer til. For å kunna arbeide meir målretta både med strategi og marknadsføring og rekryttering vart det sendt inn prosjektsøknad til Hardangerrådet i august 2014. Den vart innvilga og dette arbeidet er i gong. Forsking på nettverk syner at dei mest verdifulle nettverka vert utvikla som eit biprodukt av delte aktivitetar som deltakarane brenn for. Dette av di det føreset gjensidig avhengigheit og er knytt til noko det er viktig å oppnå. Dette er arenaer for utvikling av tillit og personleg informasjon og det gjev tilgang til kvarandre sitt mangfold. Så då er kanskje det viktigaste spørsmålet: Kva er det Leiarnettverket i Hardanger brenn for?

- Lilliann Høyvang Andreassen, styreleiar.



Basestasjon

Nytt høgdesystem i Noreg, NN2000 **Eid fjord sokk**

Høgda på ein fjelltopp eller det folk flest oppfattar som ”høgde over havet” er i Noreg gjeve i høgdesystemet Normal Null av 1954 (NN1954). Dette systemet gjev oss ei referanseflate som dannar utgangsnivået for høgdeberekninga. Noko forenkla sagt er utgangsnivået det same som havoverflata. Dette høgdesystemet er over 50 år gammalt og har i dag store feil. I Eid fjord er avviket frå verkelegheita no stadvis 6 cm for høgt. Andre stader i Noreg er avviket så mykje som 40 centimeter for lågt. Dette skyldast to ulike fenomen. Det eine er at landhevinga dei siste 50 år har endra høgdene ulikt i dei forskjellige delane av landet, på det meste 3-5 millimeter i året. Grunnen til dette er at landhevinga som starta etter siste istid ennå skjer. Langs kysten der det var lite is under istida har me i ettertid hatt liten landheving. Kjem ein lenger inn i landet, der isen låg

tjukkare, har landhevinga i ettertid vore større. Eit anna fenomen, med motsett verknad på høgdene, er stigande havnivå som følge av global oppvarming. Resultatet er at me stadvis langs kysten, som i Eid fjord, no ser at landhøgdene vert lågare, medan dei i andre delar av landet vert høgare.

Sjølv referanseflata må justeras for landheving og endra middelvasstand, Difor erstattas no NN1954 med det nye høgdesystemet NN2000 som refererer ”verkelegheita” pr. år 2000 - og blir eit felles nordisk system for høgderferanse. Alle landets 19 000 fastmerker er målt og oppdatert og dannar grunnlaget for det nye høgdesystemet. Innføring av nytt system skjer på ulike tidspunkt rundt i landet, i Hordaland skal det etter planen skje i løpet av våren.

I praksis gjev dette nokon utfordringar som brukarar av høgder må vera merksame på. I eit kart vil ein høgdeverdi alltid referere til eit bestemt høgdesystem. Sjølv om kommunane i eit område har innført NN2000, vil allereie starta utbyggingsprosjekt som hovudregel bli fullført i NN1954. Dersom ein nyttar feil høgdesystem i eit utbyggingsprosjekt vert høgdene feil, noko som igjen gjev økonomiske konsekvensar. Det betyr at brukarane av høgdedata alltid må sjekke kva høgdesystem som nyttast i oppdraget dei jobbar i. I hovudsak er det offentlige etatar, utbyggjarar, planleggjarar, arkitektar og landmålarar som er dei største brukarane av høgdedata.

Ytterlegare informasjon om innføring av NN2000 vil leggast ut på Eid fjord kommune si heimeside



Ungdommen flyttar heimatt

Me i Eidfjord Nytt ønskjer i tida framover å retta søkjeljøset mot ungdom som flyttar heimatt. Ungdomen er på mange vis ein stor ressurs m.o.p. framtida til bygda vår. Dette gield både innann nærings- og folketalsutvikling,deltaking i politikk- og organisasjonsliv osb...

Me vil skriva litt om Trude Varberg og sambuaren, Ole Johnny Odland

Trude flytta frå Eidfjord då ho var 16 år og byrja då på skule i Øystese. Etter nokre år i Bergen, flytta ho attende som 22-åring saman med sambuaren. Trude er i dag 25 år medan Ole Johnny er fylt 30. Dei har ei lita jente,Tina, på 18 månader. Me spør kvifor ho ønskte å koma attende til bygda. Trude fortel at det eigentleg var sambuaren sin ide. Dei vektlegg båe at betre oppvekstvilkår enn i Bergen var hovudgrunnen til at dei ønskte koma attende til Eidfjord.

Trude har,med unnatak av eit år i Australia,budd i Norheimsund,Osterøy og Bergen. Ho fortel at tida i Australia var svært opplevingsrik.I Bergen var Trude bybaneførar etter fullført vidaregåande skule. Ole Johnny har budd ulike plassar medan han jobba med «online betting» i Antigua,Malta og Russland. Dei traff kvarandre i Bergen der Ole Johnny arbeidde som vektar. Dei budde deretter i lag på Hamre i Osterøy iett år før dei flytta til Eidfjord. Trude og

Ole Johnny bur no i Sentrumstunet og er båe svært nøgde med leilegheita si der.

Me spør om fritidsinteresser.»Tina er sjølsagt den største interessa me har og som opptek oss mest i fritida»,seier Trude. «Utanom det så er Ole Johnny ein typisk altslukande sportsidiot», legg ho til.

Me spør litt om arbeid og kva dei meiner om arbeidstilboda lokalt. Trude fortel

at ho arbeider som butikkmedarbeidar på Coop- Eidfjord medan Ole Johnny jobbar som lærar ved Lægreid skule og er manager for rockebandet «Funky Penguins». Trude meiner at det sjølv sagt hadde vore betre med ein større arbeidsmarknad i bygda. Ho vil,imidlertida,framheva at næringslivet er flinke til å nytta lokal arbeidskraft. Ho meiner vidare at det er særleg fint å sjå kor mange ungdomar som får seg god arbeidsrøynsle gjennom sommarjobbar som vert tilrettelagd av dei fleste innan næringslivet i kommunen.

Me vil gjeme vita kva Trude og Ole Johnny synest om Eidfjord samanlikna med andre stader dei har budd.

Dei meiner at dei har ulike referansar på dette og at det er svært vanskeleg å samanlikna

direkte når det i utgangspunktet er så store ulikskapar generelt. Dei set mest pris på at det er trygt å bu her og ein kan gå i butikken å sjå kjentfolk kvar dag. Dei er også svært nøgde med Hardangerbrua. »Sjølv om me bur på ein liten plass,er det ikkje lengre veg enn at det ofte ordnar seg med utflukter til Bergen», meiner dei.

Me vil vidare vita litt om kva Trude og Ole Johnny meiner om fritilstilboda lokalt.

Trude meiner at dette kanskje kan vera noko prega av at Ole Johnny er leiar for idrettslaget. Ho synest at her er eit stort mangfold av fritidstilbod lokalt og vil her særleg nemna tilboda for dei yngste som t.d. biblioteket der Timo alltid er hjelpsam når ein kjem innom.

Elles meiner ho at småbarnssvømming og kulturskulen er gode tilbod. Trude synest og at hotella er flinke til å tilretteleggja for aktivitetar. Me spør vidare kva dei meiner

om positive og negative sider ved Eidfjord samt kva utfordringar

overfor både politisk og ellers. »Det beste med Eidfjord kan fort vera det verste og alle veit kven alle er og kva dei gjer»,meiner Trude og Ole Johnny.

Dei vil,imidlertid, vektleggja det gode samhaldet og at det er lett å få hjelp når ein det ønskjer. Trude vil her fortelja om ei oppleveling ho hadde med vesle Tina då far til Ole Johnny var på vitjing her første gong etter ho vart fødd. Ho fortel då at flere eidfjordingar ,midt i

«Hardangervidda Maraton», kom og gratulererte han som nybakt far.»Eit godt døme på dei fine

sidene ved eit godt samhald og at «alle veit kven alle er, meiner Trude.

Ny kommunestruktur og kommunesamnslåing er eit svært aktuelt tema om dagen. Me spør om Trude og Ole Johnny har gjort seg opp meinigar om dette spørsmålet. Dei meiner båe at det framleis er mange opne spørsmål knytt til dette spørsmålet som må avklarast før dei vil gjera seg opp ei mening .Dei meiner,imidlertid, at det er positivt at kommunen arrangerar

opne møte der ein kan ra informasjon om utviklinga og arbeidet ikring spørsmålet om ny

kommunestruktur - spørsmål som ein kanskje ikkje får så god greie på i kvaragen elles.

Til slutt vil me spørja om tankar for framtida.

Trude og Ole Johnny ser for seg å bu her over tid og vonar å sjå vesle Tina veksa opp i eit eidfjordsamfunn som vert endå betre å bu i iframtida.

Me takkar for samtalen og ønskjer Trude,Ole Johnny og vesle Tina alt godt i framtida.

eidfjordsamfunnet står



Bra oppmøte på folkemøte om kommunestruktur

Kommunestruktur

Stortinget har pålagt alle kommunane å gjera ei utgreiing for å sjå om det er grunnlag for ein ny kommunestruktur. Målet med utgreiinga er å finna ei kommuneinndeling som sikrar og vidareutviklar framtidige velferdstester, og sikrar ei god og heilskapleg samfunnsutvikling. Det er laga ein stram tidsplan som krev at kommunane må gjera vedtak om eventuelle kommunesamanslåingar innan sommaren 2016. Kommunestyret i Eidfjord har gjort vedtak om at det vert laga ei utgreiing som ser på fordeler og ulemper ved å slå saman kommunane Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik.

Utgreiinga starta no ved nyttår og er delt inn i ei administrativ utgreiing om status og økonomiske konsekvensar ved ei eventuell kommunesamanslåing. Dette arbeidet er leia av rådmann i Ulvik, Joakim Øren, med dei tre andre rådmennene som styringsgruppe. Samtidig arbeider ordførarane med kvar si styringsgruppe med dei politiske føringane i ein eventuell ny storkommune.

I alle kommunane er det ein føresetnad at innbyggjarane skal verta godt orienterte og involverte. Dette vil skje gjennom fleire kanalar. På heimesidene til kommunane er det, og vil koma meir oppdatert informasjon etter kvart. Det

skal arrangerast fleire folkemøte i løpet av prosessen. For Eidfjord sin del vart det første informasjonsmøtet halde på Samfunnshuset 4. mars. Sidan arbeidet ikkje starta før no på nyåret vart tema på dette møtet fyrst og fremst knytt til korleis arbeidet skal gjennomførast, men det vart og teke imot innspel frå dei ca 100 som kom på møtet. På dette stadiet i prosessen er det for tidleg å spå noko om kva som vil vera det beste for folk flest. Eg vil oppmoda alle til å engasjera seg og gje innspel til utgreiinga. Den administrative utgreiinga skal etter planen vera ferdig tidleg i juni 2015, og då vil me ha meir å informera om.



Ikkje ung i arbeid i år

Me gjer merksam på at Eidfjord formannskap i sak 143/14 den 24. november 2014 vedtok å leggja ned Ung i arbeid. Dei ulike einingane skal no sjølv lysa ut og tilsetja sommarvikarar. Er du i målgruppa til ung i arbeid må du difor fylge med i utlysingane på heimesida og i Hardanger Folkeblad



Slik har du kanskje ikkje sett månen.



Badeplassen på Kråkeskarvet er ny renoveret.
Står att litt arbeid våren 2015



Arbeidet med ferdigstilling av kjøkkenet og
spisestova for skulemat nærmar seg klar for
opning



Promenade melom sentrum og gamle nausta
ferdig Her kan ein setje seg ned å nyte utsikta
midt på promenaden.

Anløpsliste
Eidfjord Cruisehamn 2015

Dag	Dato	Ank.-avg.	Namn skip	Brt.
	Mars			
tirsdag	31.03.15	1130-1700	Magellan	46052
	April			
tirsdag	07.04.15	1130-1700	Magellan	46052
tirsdag	14.04.15	1230-1700	Marco Polo	22080
torsdag	16.04.15	1130-1700	Magellan	46052
tirsdag	21.04.15	1230-1700	Marco Polo	22080
fredag	24.04.15	0800-1300	Fram	11647
tirsdag	28.04.15	1230-1700	Marco Polo	22080
	Mai			
søndag	03.05.15	1330-1900	Azores	16144
mandag	04.05.15	1000-1400	Fram	11647
mandag	11.05.15	0700-1400	Rotterdam	62000
torsdag	14.05.15	2100-0000	Fram	11647
fredag	15.05.15	0000-1400	Fram	11647
mandag	18.05.15	1000-1800	Black Watch	28613
	Juni			
tirsdag	02.06.15	0800-1800	Adonia	30277
lørdag	06.06.15	0800-1330	Boudicca	28372
lørdag	06.06.15	1000-2000	AIDASol	71304
mandag	08.06.15	1100-2000	SagaPearl II	18627
mandag	08.06.15	0700-1400	Rotterdam	62000
tirsdag	09.06.15	1200-1700	Bremen	6752
torsdag	11.06.15	1130-1700	Magellan	46052
torsdag	11.06.15	1000-1700	Ryndam	55819
mandag	15.06.15	1200-1700	Magellan	46052
tirsdag	16.06.15	1000-2000	AIDASol	71304
fredag	19.06.15	1200-2300	Europa	28890
lørdag	20.06.15	1130-1700	Marco Polo	22080

fredag	26.06.15	1000-2000	AIDASol	71304
mandag	29.06.15	1200-1630	Azores	16144
mandag	29.06.15	1000-1800	Prinsendam	38848
	Juli			
torsdag	02.07.15	1000-1600	Ryndam	55819
mandag	06.07.15	0700-1400	Rotterdam	62000
mandag	06.07.15	1000-2000	AIDASol	71304
fredag	17.07.15	0900-1900	AIDASol	71304
søndag	19.07.15	1200-1630	Azores	16144
torsdag	23.07.15	1000-1700	Ryndam	55819
søndag	26.07.15	1000-2000	AIDASol	71304
tirsdag	28.07.15	1000-1700	Voyager	15343
onsdag	29.07.15	0700-1645	Braemar	24300
onsdag	29.07.15	0730-1630	Black Watch	28613
fredag	31.07.15	0800-1700	Prinsendam	38848
	August			
mandag	03.08.15	0700-1400	Rotterdam	62000
onsdag	05.08.15	1000-2000	AIDASol	71304
torsdag	06.08.15	0800-1800	Adonia	30277
torsdag	13.08.15	0800-1700	Ryndam	55819
lørdag	15.08.15	1000-2000	AIDASol	71304
torsdag	20.08.15	0800-1700	Rotterdam	62000
søndag	30.08.15	1400-1900	Magellan	46052
mandag	31.08.15	0700-1400	Rotterdam	62000
	September			
torsdag	03.09.15	1000-1700	Ryndam	55819
torsdag	10.09.15	1000-1700	Ryndam	55819
søndag	13.09.15	0800-1400	Boudicca	28372
tirsdag	15.09.15	0700-1300	Albatros	28518
tirsdag	15.09.15	0800-1500	Rotterdam	62000
mandag	21.09.15	1230-1700	Magellan	46052

KulturFjorden

- varmar opp for sommaren



I fjor sommar produserte KulturFjorden 10 konserter i Galleri N.Bergslien. Og like før jul kom det ei gla'-melding om at kommunen støttar prosjektet for den kommande sommaren også.

Sølvi Elise Halvorsen og Inger - Kristine Riber er to travle damer som ser fram mot ein ny sommar med KulturFjorden sine konsertar i Eidfjord. I januar gjekk startskotet for plategivinga av KulturFjorden sitt kommande program. "Me gler oss øve nye samarbeids-partnarar for den nye sesongen!" - seier Inger - Kristine og Sølvi Elise entusiastisk.



I februar hadde KulturFjorden besøk av musikkar i Eidfjord som jobba med førebuing av nye konsertprogramm for sommaren og heldt oppvarmingskonsert for KulturFjorden i Eidfjord Kyrkje og på Bygdaheimen.

Les meir på <http://kulturfjorden.no> eller send ein epost til info@kulturfjorden.no

Sølvi Elise og Inger - Kristine jobbar no for fullt med og setta saman eit variert tilbod for sommaren, og seier det som er sikkert er at det vil finne stad konserter kvar søndag i Galleri N.Bergslien i heile juli. I tillegg jobbar dei med utarbeidninga av arrangement for Bygdaheimen, og UNGT - konsertserien for unge, lovande musikkarar.

Som ein aktiv kulturarena i Eidfjord med besøk av mange utøvarar har KulturFjorden ein visjon om å være ein god partner for unge aktørar. Gjennom det siste året har Inger - Kristine vært i tett samarbeid med både kulturskulen, barnehagane og barneskulen i Eidfjord om større prosjekt. Ho seier: "Det er kjekt og sjå kva som spirer og gror i Eidfjord, og eg håpar det vert nye prosjekt til hausten. I sommar vert det meir fokus på dei som har komt litt lengre innan musikkfeltet".

- Kan de røpa noko av programmet me har i vente? "Vel nytt av året ein Midnattkonsert i Eidfjord Gamle Kyrkje **onsdag 29. juli**, og det er også ein konsert med Edith Piaf som tema", seier Inger - Kristine og Sølvi lurt. "Me vil også oppfordra alle som måtte ha idear eller førespurnadar om og ta kontakt - me kan være med på det meste!"



HARDANGERVIDDA NATURSENTER.NO

EIDFJORD

ET SPENNENDE
OPPLEVELSESSENTER
FOR NORSK NATUR
KLIMA OG MILJØ

A MODERN EXPERIENCE
CENTRE FOR NORWEGIAN
NATURE, CLIMATE
AND ENVIRONMENT

EIN MODERNES
BESUCHERZENTRUM
FÜR DIE NORWEGISCHE
NATUR, KLIMA
UND UMWELT

Hardangervidda Natursenter Eidfjord, N-5784 Øvre Eidfjord, Norway
P +47 53 67 40 00 | www.hardangerviddanatursenter.no

ÅPNINGSTIDER

April - oktober:
10:00 -18:00

15. juni - 20. august:
09:00 - 19:00

OPENING HOURS

April - October:
10:00 -18:00

June 15. - August: 20.:
9 AM - 19 PM

ÖFFNUNGSZEITEN

April bis October:
10 bis 18 Uhr

15. Juni bis 20. August:
9 bis 19 Uhr

Flytt til Hardanger

Kommunane/herada eig framtida
for folketalsutviklinga i
Hardanger frå og med 2015.
(Innspel frå Leiv Vambheim, Hardan-
gerrådet iks- Prosjektansvarleg Flytt til
Hardanger.)

FLYTT TIL HARDANGER SINE 7 PROSJEKTÅR HAR GJEVE RESULTAT.

Å greia å snu folketalsutviklinga i Hardanger er eit resultat av medviten kommunal sasting og interkommunal innsats med støtte frå fylkeskommune og stat. I prosjektperioden har ein stansa langvarig nedgang, stabilisert og fått ein svak auke i folketalet i Hardanger. Det er ulike resultat frå kommune til kommune frå år til år etter innsats. Folketalsauken i prosjektperioden kjem av utanlands innvandring. Aktivitetene overfor utflytta Hardinger har ført til auka heimflytting.

Kommunane/herada i Hardanger skal no ha kompetanse til å vera sjølvgåande tilflyttingsorganisasjonar. Fødselsunder- skotet er minkande og må ha fokusen.

INGEN TILFLYTTINGSAUTOMATIKK.

Vil kommunane ha fleire innbyggjarar? Erfaringa fortel meg at folketalet aukar i periodane der regionen og kommunane/herada er aktive i tilflyttingsarbeidet med messer, materiell, hustilgang, velkomstorganisering og møteplassar. Når kommunane/herada er inaktive med tilflytting, så stansar folketalsveksten opp.

TILRÅDING TIL VIDARE INTERKOMMUNALT OG KOMMUNALT TILFLYTTARARBEID.

- Utvikling er ein sjøvsagt og forventa del av kommunane sitt samfunnsmandat og -ansvar. Det viktigaste fokuset er Arbeid -Hus -Tilflytting
- Gode tenestetilbod.
- Kommuale ressursar i form av tilflytтарvertskap og tilflyttingsaktivitetar er investering i eige framtid og ikkje ein utgiftspost.
- Kommunal toppleiring treng ha kontinuerleg fokus på tilflytting og folketalsvekst, og det må kommuniserast i kommuneorganisasjonen og til innbyggjarane. Glede

over god utvikling og entusiasme for vekst er smittande.

KONKRETE FORSLAG:

- Høg fokus på tilflytting som kommunal og interkommunal aktivitet.
- Velorientert og innsatsvillig førstelinene. Oppdaterte velkomstmapper og Proaktive kommunevertar.
- Dykting på Husbanken sin ordningar for bustadetablering.
- Tverretatlege tilflyttarnettverk i kvar kommune med jamnlege møte.
- Aktivt samarbeid med regional og lokalt næringsliv og nytt NAV Eures sine rekrutteringsmesser.
- Nytta Team Hardanger som interkommunalt næringsnettverk gjennom Hardangerrådet iks. Også som tilflyttarkoordinatorar.

Hardanger treng nye 7 år for å vera i mål med naturleg folketalsvekst.

Opningstider i påska

Yx Eidfjord

27 mars	08.00-21.00
28 mars	09.00-19.00
29 mars	09.00-20.00
30 og 31 mars	08.00-20.00
1 april	08.00-21.00
2 og 3 april	09.00-21.00
4 april	09.00-18.00
5 april	09.00-21.00
6 april	09.00-20.00

COOP

Måndag	30.03	09.00 - 18.00
Tysdag	31.03	09.00 - 18.00
Onsdag	01.04	09.00 - 19.00

Joker Eidfjord

Måndag	30.03	09.00 - 18.00
Tysdag	31.03	09.00 - 18.00
Onsdag	01.04	09.00 - 20.00
Laurdag	04.04	09.00 - 15.00

NAV

Måndag	30.03	09.00 - 14.30
Tysdag	31.03	09.00 - 14.30
Onsdag	01.04	STENGD

Quality Hotel & Resort Vøringsfoss

Resturanten er open kvar dag 13.00-21.00
Afterski i Sportsbaren kvar dag 17.00-20.00,
20% rabatt på sportsbarmenyen (pizza,
burger, sandwich, salat)

Eidfjord Byggevarer AS

Måndag	30.03.2015	08.-16.00
Tysdag	31.03.2015	08.-16.00
Onsdag	01.04.2015	08.-12.00
Laurdag	04.04.2015	STENGD.

MIX Kroa AS

Laurdag	28.03	Langfredag	03.04	10.00 - 22.00
Laurdag	04.04			10.00 - 18.00
Søndag	05.04			10.00 - 22.00
Måndag	06.04			10.00 - 22.00


Eidfjord Fjell & Fjord Hotel

Utvila påskestenging 21.03-07.04 pga. oppgradering av elektrisk anlegg

Eidfjord kommune og legekontoret

Måndag	30.03	08.00 - 15.00
Tysdag	31.03	08.00 - 15.00
Onsdag	01.04	08.00 - 12.00

Legevakt: 56 52 60 03



Elevrådet arbeider med reguleringsplanen

I samband med arbeidet med reguleringsplanen for Vik – Menes vart det 27. januar gjennomført «Barnetråkk» på Lægreid skule. Det var elevrådet med elevar frå 5. – 10. klasse som var med og bidrog til arbeidet. Barnetråkk er ei elektronisk løysing der barn og ungdom kan kartfesta sine gangruter og områda som dei nyttar dagleg. I den no oppgraderte løysinga merkar elevane fyrst skulevegen sin med alle snarvegar som dei nyttar dagleg. Etterpå vert dei spurta om å merka områda i tre ulike kategoriar, positive stadar, negative stadar og område som vert nytta til aktivitet. Nokre av alternativa er å merka av stader dei opplever som mørke, skumle, farlege, sinte hundar, mykje søppel og liknande. Dei skal også

merka av fine naturområde, fine bygninigar, fine leikeplassar/leikeområde og så vidare. Til slutt skal dei merka av område som dei nyttar til fotball, sykling, ballspel, symjing og andre aktivitetar. Når det vert sett eit merke, må dei også skriva ein kommentar om det som eventuelt bør endrast, kvifor noko er positivt, er det andre aktivitetar me kunne tenkt oss her? Elevane på Lægreid skule gjennomførte barnetråkket saman med sosiallærar Liv Kristoffersen, plansjef Gunnar Elnan og barnas talsmann i plansaker Bergljot Maria Veivåg. Gunnar Elnan held no som kjend på med arbeidet med reguleringsplanen Vik – Menes og dei data som elevane førte inn er viktige moment for det vidare arbeidet. Det er borna våre

som i framtida skal bu og styra i Eidfjord og det er difor veldig viktig at dei får si stemme i dette arbeidet. Barnetråkk har vist seg å vera eit godt verktøy der kvar einskild av dei som deltok kunne få fram sine meningar, gjerne i større grad enn ved eit ope møte med elevane. Det er eit mål at reguleringsplanen for Menes – Vik – Lægreid vert lagt ut til offentleg ettersyn no til våren.

Teiknforklaring til kartutsnittet:
Rauda prikker – områder ein vil endra
Grøne prikker – positive områder
Blå prikker – områder knytta til aktivitet



Mange var spent torsdag 5. mars, då var det duka for verdspremiere på samfunnshuset med både ordførar, rådmann og ikkje minst borna som hadde teikna til stades. Det var heilt stille i salen under framsyninga, berre avbrote av latter, mellom anna då Eidfjordkartet vart fylt opp av skravlande turistar.

Frå midten av januar til byrjinga av mars har 1-7 klasse på Lægereid Skule vore med på eit spanande prosjekt. Saman med musikarane Inger-Kristine Riber og Lene Anett Killingmo har borna teikna det dei ser som lokale skattar i Eidfjord.

Det heile starta med at Destinasjon Eidfjord besøkte skulen og fortalte om dei ulike turist attraksjonane i bygda. Kvart klasstrinn valde ut frå dette kva dei betraktar som ein "lokal skatt" og teikna detta. Teikneprossesane til kvar klasse vart filma og på den måten fekk kvar "lokale skatt" sin eigen film. Filmane vart så brukt som inspirasjon når musikarane skulle komponera musikk og gje kvar film sitt unike lydspor. Alt innspelingsarbeid vart gjort i studioet i Eidfjord Samfunnshus godt assistert av kulturskulerektor Bjørne Møen.

"I sommar vil det vera mogleg for alle og sjå filmane, då dei vil bli sett opp som ein instalasjon i Galleri N.Bergslien"

I tillegg til filmar om ulike attraksjonar vart det og teikna eit kart over Eidfjord. Kartet fekk etterkvart ulike animasjonar som skildrar kva som skjer i bygda; Cruisebåtar som kjem og går, trafikk, turistar, ja til og med fiskane i fjorden er med. Borna har også vore med på å laga lydar til dette kartet.

Ordførar Anved-Johan Tveit fortalte i forkant av visninga at han hadde grubla over kva for lokale skattar det var snakk om. Han hadde undra seg om borna på Lægreid skule hadde funne noko han hadde grave ned då gjekk på skulen når var heilt ny. I etterkant får me håpa ordføraren skjøna at det dreia seg om noko heilt anna. Ein av fjerdeklassingane uttala: "Det vart ganske kuult".



pressemelding Samfunnshuset

Galleri N. Bergslien 2015



Det nye måleriet

Den faste utstillinga til Nils Bergslien er open som vanleg og har i år fått eit tilskot med måleriet «I kyrkja» som er måla i 1882. Teknikken er olje på plate og storleiken er 46x37 cm. Biletet vart kjøpt på auksjon på Blomquist i 2014 men har vore inne på rensing og restaurering før det no vert hengt opp i galleriet. Det vert tre utstillingar i rommet for skiftande utstillingar denne sesongen:

TROND ANDERSSON 11. APRIL – 18. JUNI

Trond Andersson er busett på Ål. Han er ein allsidig kunstnar som arbeider både med blyantteikning, grafikk, lyskunst, bokillustrasjoner og plakatar. Han er også ein ivrig sportsfiskar og godt kjend i Eidsfjord.

MARIANNE BREKKE 22. JUNI – 16. AUGUST

Marianne Brekke er mottakar av Eidsfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2015. Ho arbeider med måleri og teikning og er mellom anna oppteke av overgangar i farge-tonar. Ho kjem til å ha eit opphold i kunstnarbustaden i Bergsliskorane. Arbeidet frå dette opphaldet vil du mellom anna kunna sjå i utstillinga.

JOHILD MÆLAND 19. AUGUST – 4. OKTOBER

Johild Mæland er biletkunstnar og dekormålar busett på Utne. Ho er med i Harding Puls og har tidlegare delteke på gruppeutstillingar i Galleri N.Bergslien.

OPNINGSTIDER

Laurdag, sundag og helgedagar 12:00 - 16:00

Frå 11. april til 21. juni

Kvar dag 12:00 - 18:00

22. juni til 16. august

Laurdag og sundag 12:00 - 16:00

Frå 17. august til 04. oktober

Cruiseskip 10:00 - 14:00

11/4-21/6 + 17/8-4/10

Vatten og avløyp (VA) system

Eidsfjord kommune arbeider med å leggja permanent VA-system frå Maurset og ned til Liset. Dette er eit tretrinns prosjekt som er planlagt gjennomført i perioden 2015-2017.

Trinn 1 inkluderer permanent legging av VA-leidningar på strekninga Rypebrotet til Garen. Dette arbeidet skal etter planen gjennomførast i 2015.

Trinn 2 er permanent VA-leidningar frå Garen til Liset. Denne strekninga er planlagt utført i 2016.

Trinn 3 er planlagt gjennomført i 2017, og inkluderer nytt reinseanlegg (RA 6) mellom Garen og Liset.

Trinn 1 med opsjon på trinn 2 er no ute på Doffin, og det er venta at ein vil komma i gang med arbeidet så snart snøen er borte. I tillegg vert det arbeidd med å forbetra reinseanlegget på Maurset.

Denne store oppgraderinga vil sikre eit moderne, effektivt og driftssikkert VA system i Sysendalen.

Namnesaker

Målbruks- og namnenemnda hadde møte 17.02.15

Sak 1) Det er kome opp eit skilt på samfunnshuset der det står "Svømmebasseng". Me vil be om at dette vert endra til Symjebasseng. Viser her til målbruksplaten.

Sak 2) Det nye bustadsbygget i sentrum har fått namnet "Sentrumstunet". Nemnda har ikkje vorte kontakta i denne saka. Omgrepene tun vert definert slik: "Samling av bygningar rundt ein plass."

Sak 3) Ein ser stadig oftare at stadnamnet Maurset vert skrive "Maurseth". Dette siste kan brukast som slektsnamn, men ikkje som stadnamn. Vil be om at kommunen innskjerpar dette!

For målbruks- og namnenemnda
Inger Lægreid
- leiar-

Klassetur til England

10.klasse ved Lægreid skule skal på klassetur til England i juni. Ein slik tur kostar mykje og klassen har spart lenge, men det manglar framleis ein god del for å finansiera reise og opphold. Etter påske vil dei oppsøka privatpersonar i kommunen og be om tomflasker/boksar dei kan panta.



§ 1.Målsetting

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksyste.

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag

Etter revidering av folkebiblioteklova i fjor har folkebiblioteka i Noreg fått ein del nye oppgåver. Særleg formuleringa om biblioteket som «uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt» har skapa diskusjonar i fagmiljøet. Nokon kallar den nye formålsparagrafen for «litteraturhus-paragraf». I mange byar i landet har dei siste åra opna litteraturhus og konkurrerer med folkebiblioteka om same målgruppe. Men i distriktet har folkebiblioteka sjansen til å vera lokale litteraturhus.

Men den største utfordringa for folkebiblioteka ligg ikkje der. Folkebiblioteka har diverre eit omdømeproblem i den forstand at dei ofte vert assosiert med fritidslesing. Lova er tydeleg på at me skal «fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon». Biblioteket har – eller lyt å ha – sterke band med kunnskap enn med krim. Samtidig må folkebiblioteka tørre å utfordra stereotypar og fordommar for å bryta det uheldige fokus på bøker, særleg skjønnlitteratur. Formuleringa «annan kulturell virksomhet» kan romma så å

sei alt frå forfattarbesøk til trenings-samlingar - idrett er ein del av det utvida kulturbegrepet. Særleg i distrikts-Noreg må folkebiblioteka finna ein rolle der dei kan dekka lokale behov utover bokutlån for å skapa relevans for sine tenestar. Elles vil moglege framtidige kommunesamanslåingar resultera i nedleggjing av mange bibliotek og ein inflasjon av sjølvbetente utlånsstasjonar som berre kan ein ting – registrere utlån.

LESING VS. TIDSTYVAR

Når eg samanliknar meg sjølv med andre bibliotekarar får eg ofte därleg samvit; dei les fleire bøker samtidig, medan mi lista over bøker eg har lyst til å lesa er mange ganger lengre enn den over dei som eg har lest. Likevel sitt eg ofte om kvelden og ser på tv, zappa gjennom program med lite underhaldningsverdi og iallfall ingen informasjonsverdi. Alternativet er nettsurfing; NRK, nett-tv, avisar, facebook. Betre enn tv-zapping, men i dei fleste tilfelle heller ikkje særleg tilfredsstillande, eg sit att med ein kjensle av å ha kasta bort tida. Kjenner du deg att? Difor starta eg eit lite eksperiment i februar; eg kutta ut eit tv-program på ein time kvar kveld. I staden for las eg ei bok,

ca. 40 sider kvar kveld. I løpet av ei veke hadde eg lest boka frå perm til perm, 270 sider. Utan å ha statistiske tall frå SSB vil eg påstå at det er eit nokså gjennomsnittleg antal sider. Mange bøker har færre, nokre har mange fleire. Det betyr at eg burde kunne koma gjennom lista over bøker eg vil lesa innan eit overkommeleg tidsrom. Iallfall før eg vert pensjonist.

LITTERATURKIOSK

Litteraturkiosken i sentrum har sidan i fjor sumar fått mykje merksemd. Mange turistar har nytt tilbodet og kiosken har vore eit populært biletmotiv. I vinterhalvåret satt mange eidfjordingar bøkene sine i litteraturkiosken og til tider var det ikkje plass til fleire! Me har dessutan fått orden på ljussetjinga av telefonkiosken; sidan desember står den heilt i stil med ljuskunsten i sentrum. No nærmar turistsesongen seg att og i slutten av mars kjem allereie det fyrste cruiseskipet. Eg vil difor oppfordra alle lesarar til å bidra til litteraturkiosken med internasjonal litteratur, på engelsk, tysk, spansk, fransk, nederlandsk eller andre relevante språk.

Eid fjord sin bilhistorie,
**nytt bokprosjekt
under arbeid**

Eid fjord Automobil lag er eit køyretøyhistorisk lag med rundt 40 medlemmer. Laget har eit ynskje om å samla eid fjordbygdene sin bilhistorie frå 1919 til 1960 i bokform. Eid fjord Kommune og Sparebankstiftinga i Hardanger støttar bokprosjektet økonomisk.

Me har mange flotte bilete av eid fjordbilar, men manglar fortsatt ein del. Dette er ei oppfordring til dei lesarane av Eid fjordnytt som har bilete dei ynskjer å dela med oss om å ta kontakt.

Rundt 130 bilar, bussar og lastebilar var heimehøyrande i Eid fjord i perioden 1919 til 1960, frå gamle arkiv finst opplysningar om bilmerke, registreringsnummer, når dei gjekk her og eigars. Tanken er at boka skal vera i sal i november/desember 2015.


Dei som arbeider med boka er:

Oddmund Lægreid, e-postadresse:
oddmund.lagreid@eidfjord.net
tel. 480 20 249,

Conrad Hereid, e-postadresse:
c.hereid@eidfjord.net
tel. 952 61 580,

Geir Midtun e-postadresse:
gmidtun@newmedia.no
tel. 907 78 014,
og Gunnar Garen,
e-postadresse:
gg@sysendalenfjellhytter.no
tel. 478 95 959

Helsing Eid fjord Automobil lag



Benz 1919 framfor gamle Eid fjord Samvirkeleg og Robertsbutikken



Gamal eid fjordbil som framleis er på vegen, Buick 7 setar. Kom ny til Hardanger Haugastøl Billag i 1934

Innbyggjarar i Eidfjord kommune

får kjernejournal

1. mars får 760 000 innbyggjarane i til saman 67 kommunar i Vest-Noreg sin kjernejournal. Då kjem den på plass i heile Helse-Vest.

I kjernejournalen vert det samla viktige helseopplysingar som både den einskilde innbyggjaren og helsepersonell har tilgang til.

-Det vil vere ein tryggleik at dei viktigaste helseopplysingane om deg er raskt tilgjengelege for helsepersonell. Kjernejournal vil gje deg tryggare helsehjelp i akutte situasjonar, seier <PERSON SOM GJEV FRÅSEGN>

Kjernejournal vert oppretta i din kommune 1. mars og alle som er folkeregistrerte i kommunen vil få ein kjernejournal, dersom dei ikkje allereie har reservert seg frå det.

Du kan sjølv sjå og leggje inn opplysingar i din kjernejournal via www.helsenorge.no

Når får eg kjernejournal?

Eit oversyn over kommunar der innbyggjarane allereie har fått kjernejournal og kva kommunar som står for tur, finn du på www.helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal (lekkje nedst i denne saka)

Ynskjer du ikkje å ha ein kjernejournal, kan du reservere deg når som helst. Det gjer du ved å logge deg inn på helsenoreg.no og gå til innstillingane for din kjernejournal.

KOR FINN EG MIN KJERNEJOURNAL?

På den offentlege helseportalen helsenoreg.no får du tilgang til opplysingane i kjernejournalen ved å logge deg på med din elektroniske ID. Her kan du sjå informasjonen som er lagra om deg og leggje inn ekstra opplysingar.

Kjernejournal er ein av fleire tenester du kan sjå på helsenoreg.no. Her finst òg oversyn over din fastlege, dine reseptar og eigenbetalingar, i tillegg til andre tenester du kan betene sjølv.

MEIR INFORMASJON?

På sjukehusa, legekontor og ulike stader i kommunen vil du finne avrivningsblokk

Foto: Johnnie

Tryggare helsehjelp i akutte situasjonar
KJERNEJOURNAL
No kan du dele dine helseopplysingar med helsepersonell på helsenorge.no/kjernejournal.

KJERNEJOURNAL

I kjernejournalen din vert det samla viktige helseopplysingar som du og helsepersonell har tilgang til.

- **DU KAN BIDRA**

Opplysingar om legemiddel og besøk på sjukhus vert henta inn automatisk. Du kan sjølv registrere kontaktpersonar, sjukdommar og om du har svekka syn, hørsei eller treng tolk. Då vert kjernejournalen din meir nytig.

- **SNAKK MED LEGEN**

Har du alvorlege allergiar, ein sjeldan sjukdom eller anna som det er viktig for helsepersonell å kjenne til, kan du be legen din om å registrere dette.

- **ØNSKJER DU IKKJE KJERNEJOURNAL?**

Du kan reservere deg om du ikkje ønskjer kjernejournal.

Logg inn for å sjå din kjernejournal eller finn meir informasjon på helsenorge.no/kjernejournal.

Du kan også ringe brukarstøtte 800HELSE (800 43573).

helsenorge.no

Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gauldalen, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal

Sjå kva kommunar som allereie har kjernejournal her: [https://helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal](http://helsenorge.no/kjernejournal/nar-far-jeg-kjernejournal)

KORT OM KJERNEJOURNAL

- Kjernejournal er ei ny elektronisk løysing som samlar nokre kjerneopplysingar om deg og din helse.
- Både du og helsepersonell får tilgang til opplysingane i kjernejournalen.
- Kjernejournal kjem i tillegg til pasientjournalane du har hos fastlegen, på legevakta og sjukehuset.
- Helsepersonellet har tilgang til kjernejournalen i ein eigen portal for helsepersonell og innbyggjarane har tilgang via helsenoreg.no
- Helsedirektoratet er ansvarleg for utviklinga av kjernejournal.
- Siktemålet med kjernejournal:
 - Gje tryggare helsehjelp
 - Gjere samhandlinga i helsetenesta betre
 - Auke pasientane sin medverknad



Serveringa går fint når elevane ventar på tur



Kokken, René Roverts, er nøgd på opningsdagen



Stolt ordførar står for snorklippling, kantina er offisielt opna.



Skål for ny flott kantine



At kantine er populært ser du her

Skulemåltid på Lægreid skule Me er i gang!

Måndag 9. mars var den offisielle opninga av skulemåltid for elevane, og ordførar og Formannskapet deltok på den høgtidelege markeringa. På programmet var både song og gitarspel, før ordførar opna med å skjere snora. Alle elevane har allereie prøvd ut både

mat og lokale, då skulen gjennomførte testmåltid to dagar. Erfaringane ein har gjort seg, tek ein med når me er i gang for fullt i perioden 9. mars til 19. juni. Me har opplevd stor pågang for å delta på skulematordninga, og føresette og elevar er

positive til tiltaket med felles måltid kvar dag på samfunnshuset. På menyen står sunn og næringsrik mat, og elevane vil t.d. få servert fiskesuppe, lammepølse med potetmos og grønsaker, wrap med kylling og salat m.m.



Sysendalen Hyttevelforbund på sporet

UTBEDRING AV LØYPENETT 27. desember 2014 krysset løypemaskinen for første gang Isdølo på vei fra Liseth til Stakseng/Fossli. En bro på cirka 8 meter var det som skulle til for å knytte nærmere 200 hytter til det eksisterende løpenettet. Tilskudd fra Sparebankstiftinga Hardanger, imponerende dugnadsinnsats fra hytteeiere og innleid ekspertise fra Grav & Mur AS sørget for at skogrydding og bygging av bro var ferdigstilt rett før den første snøen falt. Dette er et prosjekt vi har jobbet hardt for å realisere og som vi har fått veldig gode tilbakemeldinger på, sier Kjetil Århushus, styremedlem i Sysendalen Hyttevelforbund og pådriver for å ferdigstille løypen fra Liseth til Fossli. -Både barnefamilier med pulk, vanlige turgåere og de som trener på langrennsløyper er fulle av lovord og ser gleden av å ha gode spor rett utenfor hyttedøren, sier han. Han trekker også frem at man med de store snømengdene det har vært denne sesongen og åpne elver ser viktigheten av god løypekjøring og trygge broer. Både denne broen og den flotte utbedringen som er gjort ved Feet/Grov viser hva man

kan få til med godt samarbeid mellom hytteeiere, grunneiere og kommune.

Mens utbedring av løypen ved Liseth-Fossli og Feet/Grov er finansiert med midler fra Sparbankstiftinga Hardanger er selve løypekjøringen finansiert av midler innbetalt fra brukerne av løypene og kommunen. Hyttevelforbundet har jobbet aktivt hele sesongen for å øke andelen av hytteeiere som betaler de årlige 600 kronene, som i sin helhet går til løypekjøring. Vi ser nå at cirka 60 % av hytteeierne har betalt for denne sesongen, men dette tallet bør over 75 % for å kunne sikre at løypekjøringen fortsetter med samme kvalitet og frekvens også kommende år, sier Århushus. Dette er et spleislag mellom alle brukere av løypen, og vi håper både innbyggerne i kommunen, campingvogneiere, hyttegjester og andre også vil bidra.

GRASROTANDEL

Nytt av året er at man kan bidra direkte til løypekjøringen når man tipper gjennom Norsk Tipping. Hyttevelforbundet er registrert i Frivillighetsregisteret

og midler som kommer inn her går uavkortet til Løypelaget. Ønsker man å bidra gjør man dette ved å gå til www.norsk-tipping.no/grasrotandelen/ og skrive inn Sysendalen Hyttevelforbund eller organisasjonsnummer 997 015 282. Vi håper dette kan generere inntekter i tillegg til de 600 kronene man betaler inn til 3450.37.86011 eller via kortterminalen i skisenteret, sier Århushus.

KOMMUNIKASJON

Hyttevelforbundet jobber også aktivt med å øke og bedre kommunikasjonen med hytteeiere og andre interessenter i dalen. Vi ser en stadig økende bruk av siden vår på Facebook (<https://www.facebook.com/Sysendalen.hyttevelforbund>) og oppfordrer alle til å «like» den for oppdatert informasjon, sier Århushus. Han understreker at det også vil bli sendt ut nyhetsbrev via lederne i hyttevelene for de som ikke har Facebook. Har man innspill er man også velkommen til å kontakte oss på sysendalen@gmail.com, avslutter Århushus.

Sysendalen hyttevelforbund ønsker alle en riktig god påske!



Eidfjord **Korps & Kor**

OUVERTURE

I Eidfjord deler me din lidenskap for musikk! Eidfjord har hatt gleda av å ynskje turistar velkommen i meir enn hundre år. No er det dykkar tur, kjære musikkorps og songkor! Eg er glad for å dele det storslåtte landskapet og attraksjonane våre med dykk. I denne brosjyra finn de vakre bilder, gode tips og nyttig informasjon som skal gjere planlegginga av ein workshop, eit seminar eller ei øvingshelg enklare for dykk. Eidfjord kommune har ca 950 innbyggjarar. Me trivst godt og brukar naturen frå fjord til fjell heile året. Våre besökande finn også ro og trivsel i naturen, samt besøker mange av attraksjonane våre. Vøringsfossen har i lang tid vore Norges mest besøkte naturbaserte attraksjon. Hardangervidda og Hardangerfjorden er velkjende langt utover Norges grenser. Eg er difor trygg på at du vil få ei fin og minneverdig oppleving når du besøker Eidfjord.

Velkommen til oss!
Anved Johan Tveit Ordførar

TUTTI !

Det nybygde samfunnshuset vår inneholder alle fasilitetar for dykk som stiller høge krav. Start øvinga i vår store hovudsal med plass til alle. Del opp i separate grupper og bruk våre 3 lydisolerte mindre øvingslokale. Dersom slagverket treng ekstra plass har huset to lydtette studio i tillegg. Når det er tid for mat treng de ikkje forlate lokalet, men benytte det moderne skulekjøkkenet som er tilknytta bygget. De kan altså tilberede maten sjølv og få denne tida til å bli eit hyggeleg, sosialt samvær. Samfunnshuset er det perfekte huset til dykkar øvingshelg, seminar eller ei konsertoppføring. Helga i Eidfjord kan nemleg avrundast med ein fantastisk konsert i hovudsalen! Nytt frå 2011: Etter nærmare avtale med kulturskulen i Eidfjord er det hove til å gjere opptak i studio (ProTools)! I tillegg kan kultursalen på Quality Hotel

& Resort Vøringsfoss nyttast til øvingar. Salen er 4 meter under taket og kan delast i to med foldevegg. Den største delen er 250 m² og har kinoamfi som kan trekkast saman. Den andre delen er 150 m². Begge salane har dagslys.

RITENUTO

Enten de vel overnatting i den enklare eller den meir luksuriøse hotellstanden, hytter eller eit koseleg pensjonat, maten servert på fat eller lagar den sjølv på kjøkkenet til øvingslokalet, Eidfjord kan tilby alt etter dykkar behov.

Aktivitetar for kropp og sjel
Eidfjord byr på moglegheiter til å stimulere kroppen og sansane. Her kan du bruke deg sjølv så mykje du vil. Lange fjellturar med ryggsekk, fiskestang eller bærbøtte. Nyte stilla, høyre og sjå på dyre- og fuglelivet, eller beundre ein blomst som kikkar fram i ein karrig fjellsprekk. Late dagar ved fjorden, eller trivelege hyggestunder framfor peisen, om du føretrekk det. Ekte tradisjonsmat som blir hausta frå naturen høyrer med til den store opplevinga Eidfjord byr på. Attraksjonar for beundring og ettertanke

Eidfjord byr på mykje. Vøringsfossen er ein av Norges mest kjende og besøkte turistattraksjonar. Sima kraftverk gir eit imponerande innsyn i korleis naturen vert utnytta til å lage fornybar energi. Kjeåsen viser korleis folk budde og levnærte seg i gamle dagar. Galleri Bergslien viser lokal kunst. Trolltoget er en vinnar for flere enn borna. Hardangervidda Natursenter Eidfjord er eit moderne og vilt spennande natur- og kulturhistorisk opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø. Levande utstillingar over 3 etasjar, akvarium og interaktive stasjonar. Sjå den flotte panoramafilmen produsert av Ivo Caprino over 5 store skjermer. Du får ei spennande reise med helikopter over høge fjell, djupe dalar, vakre fossar, ville reinsdyr og uberørte isbrear.

APPASSIONATO

Me deler din lidenskap!





21. – 25.
Mai 2015

Program Hardanger

Musikk Fest 21-25 mai

Torsdag 21. mai kl 17:30	KRAFT Opningskonsert 2015	Hotel Ullensvang, Lofthus
Torsdag 21. mai kl 21:00	MUSIC FOR A WHILE	Ullensvang Kyrkje, Lofthus
Torsdag 21. mai kl 21:00	BAROKKSALONG	Vik pensjonat, Eidfjord
Torsdag 21. mai kl 21:00	ANDREAS ULVO	Café Smelt, Odda
Torsdag 21. mai kl 22:30	MAAR	Ekspedisjonen, Lofthus sentrum
Fredag 22. mai kl 08:00	MORGONTONAR I EIDFJORD	Mosstova, Vik Pensjonat Eidfjord
Fredag 22. mai kl 08:00	MORGONTONAR I KINSARVIK	Gloyp, Kinsarvik
Fredag 22. mai kl 11:00	TYSK POESI: BRECHT PÅ NORSKRIVARGARDEN	Lofthus
Fredag 22. mai kl 18:00	LYRISKE STYKKER OG INSPIRERT NOSTALGI	Hardangerhallen, Hotel Ullensvang
Fredag 22. mai kl 22:00	MAAR	Vik pensjonat, Eidfjord
Fredag 22. mai kl 22:00	MATHIAS EICK TRIO	Iris, Odda
Fredag 22. mai kl 22:00	STIAN CARSTENSEN BRÅDIKTNING	Ekspedisjonen Skjenkestove, Lofthus
Lørdag 23. mai kl 10:00	TETT PÅ TYSKLAND	Skrivargarden, Lofthus
Lørdag 23. mai kl 13:00	FOLKELUNSJ	Gloyp, Kinsarvik
Lørdag 23. mai kl 14:00	TETT PÅ TYSKLAND I ODDA	Sentralbadet, Odda
Lørdag 23. mai kl 16:00	MAAR MED VENER	Café Smelt, Odda
Lørdag 23. mai kl 16:00	DET NORSKE KAMMERORKESTER	Kinsarvik kyrkje
Lørdag 23. mai kl 20:00	OVERRASKINGSGALLA	Hardangerhallen, Hotel Ullensvang
Lørdag 23. mai kl 22:00	ANDREAS ULVO	Vik pensjonat, Eidfjord
Lørdag 23. mai kl 22:00	PÅ GRENSEN TIL ALLSANG MED Ekspedisjonen Skjenkestove, STIAN CARSTENSEN	Lofthus
Søndag 24. mai kl 09:30	GRIEVANDRING	Lofthusbygda, oppstart hotellhagen
Søndag 24. mai kl 12:00	BARNEKONSERT - UNIVERS AV LYDAR	Borgstova i Kinsarvik
Søndag 24. mai kl 12:00	TYSK POESI: BRECHT PÅ NORSKentralbadet, Odda	
Søndag 24. mai kl 12:15	GRIEGKONSERT	Komponisten, Hotel Ullensvang
Søndag 24. mai kl 14:00	KLANGEN AV TYSKLAND	Kraftkatedralen, Turbinhallen, Tyssedal
Søndag 24. mai kl 15:00	MAAR HARDANGER GJESTEGARD	Hardanger Gjestegard, Alsåker
Søndag 24. mai kl 17:00	MUSIKKQUIZ	Hardangerhallen, Hotel Ullensvang
Søndag 24. mai kl 20:00	KREUTZERSONATEN	Ullensvang Kyrkje, Lofthus
Søndag 24. mai kl 22:00	OPPSKÅKA MED THERESE OG TORA	Krossvoll, Lofthus
Mandag 25. mai kl 11:00	AVSLUTNINGSKONSERT	Hardangerhallen, Hotel Ullensvang